



Universitetet i Bergen er eit byuniversitet der sentrale delar av campus ligg i Bergen sentrum. Vi har ca 13 500 studentar og omlag 3300 tilsette. UiB er kjend for forskning på høgt europeisk nivå og har mellom anna fleire senter for framifrå forskning (SFF). Vi har ein sterk internasjonal profil som medfører tett samarbeid med universitet over heile verda.

Stipendiat i informatikk

Ved Institutt for informatikk (<http://www.uib.no/ii>) er det ledig to 4-årige stillingar som stipendiat i informatikk.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til Petter.Bjorstad@ii.uib.no

Stipendiaten skal gå inn i eit godkjend opplegg for ein ph.d.-grad innanfor ei tidsramme på tre år. Søknad om opptak til ph.d.-studiet, inklusive plan for gjennomføring av forskarutdanninga, vil verte utarbeidd i samråd med aktuell faggruppe.

Søkjjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande utdanning i informatikk, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Før tilsetjing kan skje, er det likevel ein føresetnad at kandidaten fyller krava for opptak til ph.d.-studiet ved Universitetet i Bergen.

Samla stipendperiode er på fire år. Av denne perioden er 25 % pliktarbeidstid for universitetsstipendiatar. Det vil verte gjort frådrag i tilsetjingsperioden for eventuell tidlegare rekrutteringsperiode.

Undervisningsspråket er til vanlig norsk. Kandidatar som kan dokumentere at dei meistrar engelsk skriftleg og munnleg vil også verte vurderte, uavhengig av om dei har norskkunnskapar.

Løn etter lønssteg 48 (kode 1017/LR 20.8) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønssteg 48-52).

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvoltering i personalreglementet for vitskapelege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Send søknad elektronisk ved å klikke på knappen merkt "SØK PÅ JOBBEN" på denne sida.

Søknaden skal innehalde ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga og dessutan namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar. Søknaden skal òg inkludere kopiar av vitnemål/karakterutskriftar (bachelor og master) og attestar, vitskapelege arbeid og ei liste over desse (publikasjonsliste).

Søknadar sende på e-post til enkeltpersonar ved instituttet eller søknadar som ikkje inneheld alle dokument, vil ikkje verte vurderte.

Søknadsfrist: 15. august 2010

Oppgi referansenr: 2010/6982

Jobbnorge-ID: 68327, Søknadsfrist: Avsluttet